

## **VÅRE SAMARBEIDSPARTNARAR OG GODE TILBOD SOM FINS I KOMMUNEN.**

### **PPT = pedagogisk psykologisk teneste**

Dei kjem til faste møter i alle barnehagar og skular, ca 6 kvar veke, Dei gjer råd og veiledning som gjeld alle barn eller ei barnegruppe eller enkelt barn.

Dersom enkelt barn skal drøftast, skal alltid de foreldre på førehånd vera informert om det og gitt samtykke til det.

### **TVERRFAGLEG TILTAKSTEAM.**

Teamet består av 1 frå helsestasjon, 1 frå PPT, 1 frå barnevern, styrar/ped.leiar i den enkelte barnehage. Barnehage/skule og foreldre deltek også på møtene.

Teamet er for barn/ unge 0-18 år og familien.

Målet med teamet er at barn og unge som har behov for hjelp og oppfølging, skal få rett hjelp til rett tid , på rett plass. Teamet har fleire faste møter pr halvår.

De foreldre kan ta kontakt med barnet sin barnehage og be om eit møte i teamet, eller direkte med koordinator .

Barnehagen kan også ta kontakt med de foreldre og forslå eit møte i teamet.

Sjå eigen brosjyre for meir info, på heimesida og oppslag i garderoben.

### **FAMILIESENTERET.**

Dette er eit ressurs-senter i kommunen, med gode fagfolk. Tilbodet er gratis.

De får rask hjelp, innan 1 veke vil de få avtale om 1 .samtale.

Dei tilbyr støtte og veiledning i foreldrerolla, mest individuelle samtalar, men også gruppe-retteliing etter ulike programmer.

Sjå eigen brosjyre for meir info, på heimesida og oppslag i garderoben.

### **BARNEVERNET.**

Er ein offentleg teneste som skal sikra barn og unge gode oppvekstvillkår.

Dei har mange ulike tiltak å setta inn.

Vi har opplysningsplikt ved mistanke om vold og seksuelt misbruk.